

Luster kommune

Att.Ivar Kvalen

Dykkar ref:

Vår ref:

2020/2713 - 18329/2020

Sakshandsamar:

Arve Varden

Dato:

20.04.2020

Ambulansetilbodet i Luster kommune

Eg viser til Luster kommune sitt brev dagsett 04. mars i år der det vert klaga på vedtak gjort av styret i Helse Førde den 24. januar. Saka gjeld Prehospital plan for Helse Førde, og det aktuelle vedtakspunktet er formulert slik:

«Det skal gjennomførast ein prøveperiode på tolv månader med flytting av dagbil frå Luster til Sogndal, slik det er omtala i sakstilfanget. Vedtak om endeleg flytting etter prøveperioden ligg til administrerande direktør.»

I saksutgreiinga er dette skrive om flyttinga av dagbilen:

«I planen er det føreslått å flytte dagbilen i Luster til Sogndal. Dette har møtt sterkt motstand i Luster, mest av frykt for auka responstider. Frå kommunen har det også kome synspunkt på at dette er eit brot med avtalen som vart inngått då den nye ambulansestasjonen der vart etablert. Etter gjennomgang av kontrakten, som vart inngått i september 2010, kan ikke administrerande direktør sjå at det er tilfelle.

Det har også kome synspunkt på at stasjonen i Sogndal ikkje er dimensjonert for ein dagbil til, at det kan gå ut over tal oppdrag for dei tilsette der, og at dei føreslårte endringane aukar behovet for stadleg leiing.

Gjennomgang i planarbeidet viser at dagbilen i Luster har mykje av sin aktivitet og beredskap utanfor kommunen. Administrerande direktør meiner ei flytting er forsvarleg, men ønskjer at det skal gjennomførast i ein prøveperiode på inntil tolv månader først. Det skal gjennomførast ei løpende evaluering som både tek omsyn til responstidsutvikling, effektar for drifta og tilhøva til dei tilsette før endeleg administrativt vedtak.»

Fråsegnene som kom frå ulike råd og Luster kommune i høyringsprosessen vart vurderte av administrerande direktør, og lagde fram for styret i Helse Førde. Vurderingane førte til at det vart lagt inn forslag om ein 12 månaders prøveperiode for flytting av dagbilen. Noko styret altså slutta seg til.

Som omtalt i saksutgreiinga skal utviklinga følgjast nøye i denne perioden. Eg vil også vise til det generelle punktet om evaluering/rullering av planen i saksutgreiinga, der det går fram at:

«Evalueringa skal vere open og transparent i samsvar med den interessa dette feltet har for innbyggjarane og samarbeidet som er påkravd når det gjeld akuttmedisinske tenester.»

Prosessen fram til vedtak viser altså at høyringsinnspele er vurderte, har medverka til at endringa vert gjort i ein prøveperiode, at vi ønskjer ein god dialog med kommunen undervegs, og at eit endeleg vedtak først skal gjerast 12 månader etter iverksetjing.

Med bakgrunn i dette kan eg samla sett ikkje sjå at det er grunnlag for å gjere endringar i denne saka.

Styret i Helse Førde vil bli førelagt både klagen, og mitt svar til dykk, i neste styremøte.

Vennleg helsing



Arve Varden
Administr.direktør

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur